



Vinje-senteret

# Om ein skinnfell



**Kjersti Rorgemoen**

© 2018 Kjersti Rorgemoen og Nynorsk kultursentrum

Publisert etter avtale med forfatteren på Vinjesenteret.no 31. oktober 2018

*Framsida*

Kjersti Rorgemoen. Foto Anniken C.Mohr, Klssekampen

MIDT PÅ HEITASTE REKORDSOMMAREN fekk eg ein skinnfell, med den lodnaste kvite ull og eit felt med strie oransje hår. Ein uvanleg skinnfell ikkje berre på grunn av den løveaktige kuløren, villsauen som ein gong hadde vandra rundt med denne hamen var nemleg ala opp av kona til ein nynorsk diktarhøvding. Ulla var så luftig som ein sky og så dunmjuk at eg måtte stikke hendene rett inn i den og eg byrja straks å lengte til vinteren.

Vinje går i seg sjølv i Ferdaminni og innrømmer han har misbrukt ordet skinnfell, gjort den til ein metafor for den dårlege poesien i landet. Han har kome i skade for å generalisere før han har vore rundt omkring og fått kjenne på kroppen kva ein skinnfell faktisk kan vere. I Østerdalen er dei nemleg så reine, mjuke og fine at dei er å føretrekkje framfor dyneseng. På Vestlandet kan skinnfellen derimot vere så stiv at den står opp mot veggen, for ikkje snakke om små og fleksnaue som reven om våren. I Vinje si eiga fødebygd blir dyret klypt fjorten dagar før slakting, noko som resulterer i ein fattigsleg stuttulla variant av skinnfellen. Nokre stader på Sør- og Vestlandet er skinnfellen så lite utluta og semska og stelt, at den er skrekkeleg å ligge i. Den gudbrandsdølske skinnfellen er derimot god. Men så er det kalveskinnfellen, som er å finne i Østerdalen og Opplandet: eit lite hugsamt plagg, hardt og røytande.

Slik kartlegg han mangfaldet blant skinnfellane i landet, og samstundes viklar han ut det komplekse livet til eit ord. Kor fleirvega og kronglete det kan vere mellom det ordet peikar tilbake på og det ein vil bruke det til. Han viser fram fåkunna som kan bu i ei generalisering, den brutalt unøyaktige jamstillinga som kan ligge i ein metafor, at det finst grenser for kva denotasjonen – det konstante, nøytrale meiningsinnhaldet – strekk over. Midt i det stadige arbeidet hans med å nasjonaldefinere kjem tvihugen (ambivalensen) til syne, tvihugen til det suverene grepet i å transformere noko

spesifikt til noko allment, tvi hugen eller eit slags dårleg samvit ovanfor alt som ikkje kjem med når han peikar ut noko som typisk. Språkarbeidaren, den intellektuelle ordsmeden, revurderer si gamle tankeslutning på grunn av ny fysisk erfaring. Han har lodda folkedjupet, kjent skinnfellen på kroppen og kan tale bokstaveleg. Han tek alle sansar i bruk på jakta på det som fyller ordet, blir varm berre av å sjå dei beste skinnfellane henge i kledeloftet. Og han har ligge inntulla i det meste, gjer seg ikkje betre enn det folk har å by, slik kjenner han landet som likemann. «Te meg ein Skinnfeld, og eg trur, eg skal segja, kvat Bygdelag i Landet han er fraa!» Heilt likemann er han forresten aldri, i det samanliknande blikket kjem også dommaren fram, oppsedaren som vurderer bygdelaga opp mot kvarandre, skil kultur frå ukultur. Han er folkeleg, men ikkje så folkeleg.

Folkeleg. Eit i sitt vesen minst like komplekst ord som skinnfellen, trass i det tilsynelatande likeframme og reale ved det. Ein denotativ definisjon som bit seg sjølv i halen og dermed ikkje forklarar noko som helst, er *det som gjeld folket*. For folket er mange folk, kanskje like mange som talet på skinnfellar Vinje i si tid rulla seg inn. For å bli opplyst må ein heller ty til dei mange attåttydingane, slik som: beintfram, enkel, kvardagsleg, liketil, naturleg, omgjengeleg, usnobbete, demokratisk, jovial, uformell, skjøneleg, lettfatteleg, populær. Ei heil rekkje kvalitetar, som oftast positivt meint. Altså kling ordet godt hos mange, og mange vil eige det. Særleg dersom ein er ute etter makt eller sal. Paradokset faldar seg grotesk ut når den mest sjølvhevdande elitekjendis vinn valet etter å ha klart å treffe den folkemørkaste strengen. Sjølv om det folkelege høyrest ut som noko romsleg, kan det også opptre som eit politi, til dømes mot bruk av framandord og akademiske vendingar. Det kan vere forfriskande å sjå ein tåkefyrste bli dregen ned på jorda, Vinje likte å gjere det med filosofar, til dømes kunne han more seg over at dei tankefjernaste alvorsmenn kunne bli sjøsjuke: «Det var iltløgjet eller tragicomisk at sjaa f. Ex. ein aalvorsam Philosoph at sitja og sjaa ut yver det kolblaae kvitbærande Hav liksom i djupe Tankar. Eg trudde han sat og philosophe-  
rade; men so strekte han Halsen utyver Rekkverket, og 'Urian' gool.» Når tenkaren på

dekk blir innhenta av sitt konkrete indre blir situasjonen straks fattbar, den folkelege humorrefleksen er også ei glede over å få oversikt.

Eg har alltid likt det kunstige ved nynorsken, kunstig som i tydinga menneskegjord, det abstraherte i skrifta, tanken om og viljen til fellesskap henta opp av eit hav av dialekt. Det klabbar liksom litt i munnen på den som prøvar å snakke det. I andre enden av skalaen er det i Vinje si fødebygd med omland to hundre år etter ein eigen sport å kommunisere skriftleg og offentleg på så kav dialekt som mogleg. Det er noko sjølvdyrkande ved det, ein språkleg refleks som går innover, og eit språkhistorisk fåvit (ignoranse) ovanfor det radikale arbeidet med å lage landsmålet, nynorsken, eit arbeid som også har vore til teneste for det norske dialektmangfaldet.

Det er to hundre år sidan Vinje blei fødd, viljen til å hylle han er brei, kanskje breiare enn viljen til å lese han. Kanskje fordi tekstane hans kan vere innfløkte, språkproblematiserande, reviderande, sjølvmotseiande. Men kroppen hentar hovudet inn. Stykket om skinnfellen viser korleis han følte seg fram i det oppsøkande arbeidet etter ord store nok til å bli landsdekkande. Truleg visste den oransje villsauen fint lite om at han blei ala opp av kona til ein nynorsk diktarhøvding. Men Vinje ville sikkert ha jubla over skinnkvaliteten, og for meg kan vinteren berre kome.